



Kommunal og Regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Sakshands.:Endre Gjil
Tlf.: 52 79 24 01 Faks 52 70 24 05
Vår ref.:2004000783 A.nr.:K2-L00
Sak ID:2003002453 - 2

HØYRING - NOU 2003:24 MER EFFEKTIV BYGNINGSLOVGIVNING

LMT-utvlaet i Suldal drøfta saka i møte 14.01.2004, sak 017/04, og gjorde slikt vedtak:

Suldal kommune ser på forslaget frå bygningslov – utvalet (NOU 2003:24) som eit viktig bidrag for å få eit enklare og meir effektivt bygningslovverk.

Suldal kommune syner til saksutgreiing frå rådmannen og vil peike på følgjande:

- * kommunen ser positivt på forslaget frå utvalet om å vurdere privatisert uavhengig kontroll av foretaka (kap 8.1.9).
- * kommunen er samd med utvalet i at ei styrking av tilsynsfunksjonen vil krevje ein betre ressurssituasjon i kommunane. Kommunen ser positivt på forslag om privatisering av tilsyn evt interkommunalt samarbeid (Kap 8.1.9).
- * kommunen ser ikkje utvalet sitt forslag om å sløyfe dagens system med melding som hensiktsmessig. Meldingsordninga representerer i seg sjølv ei forenkling i høve til ordinær søknadsprosess og bør behaldast (Kap 8.2.5).
- * kommunen er skeptisk til forslaget om mekling mellom private parter som alternativ til ordinær klagehandsaming då det vil medføre ulemper i form av unødvendig ressursbruk, redusert rettstryggleik, forsinkelse av byggesaken, kunne verke mot sin hensikt ved å forsterke konflikten og upassande rolle for bygningsmynden då ein ikkje vert sett på av partene som ein ”nøytral” meglarinstans. I små kommunar vil en også slite med samanblanding av roller som meklar og ”dommar” i saka (Kap 8.3.8).
- * i høve til effektivt å kunne forfølgje ulovleg forhold vil kommunen peike på at ein må redusere talet på klage- omgonger i desse sakene (Kap.8.4.6).
- * I spørsmålet om bygningsmynden i større grad enn etter dagens regelverk bør ha et ansvar for å avklare privatrettslege forhold under byggjesaksprosessen meiner kommunen at det må haldast fast ved gjeldande rett der privatrettslege forhold er bygningsmynden ivedkomande. Kommunane har på ingen måte korkje naudsynt

kompetanse, føresetnader eller ressursar til å gå inn i til dels kompliserte privatrettslege konflikter (Kap 8.7.4).

- * kommunen ser det føreliggande lovforslaget frå utvalet vedk. utbyggingsavtalar som eit nyttig verkty i høve til å sikre gjennomføring av planar (Kap.9.6).

. Kopi av innstilling og vedtak ligg ved.

4230 Sand, 19.01.04

Torbjørn Guggedal
leiar i LMT-utvalet

Randi Thorsen
Randi Thorsen
formannskapssekretær